



Orkdal menighetsblad

Nr. 4


Påskenummer 1984

34. årg.

LANGFREDAG

Johs. 18, 1 til 19,30.

»Jesus fra Nasaret – kongen over jødane» var innskrifta Pilatus sette over Jesu kross. Vi kjenner ironien iorda. Pilatus kunne unne seg å håne denne jøden. No var dramaet til endes. Berre sto det att å låttgjera denne nasarearen, ein konge med tornekronehengande på ein kross. Ikkje berre var det hån over den formastelege. Det var også ein hån over jødane som folk. — Sjå her — her er kongen dykkar. Likare er de ikkje —. Framfor døden smeltar



gjerne det hardaste hjarte, men ikkje framfor det låtleggjorte. Da kjem dei lågaste kjensler fram – forarg, sinne og hat: »Krossfest – krossfest». Ser vi burt ifrå dei få: Maria, kvinnene som hadde fulgt han og Johannes — så fanns det inga medkjensle lenger – berre rå spott. Han hadde gje seg ut for Guds son – Messias som alle venta på – og så var han ikkje nokon anna enn ein forventingenes juksemakar. Så haddde profetiane fått rett: »NOKON HERLEG SKAPNAD HADDE HAN IKKJE. DET VAR INGEN HUGNAD HJÅ HAN. VANVØRD VAR HAN OG FOLK HELD SEG UNDA HAN». (Jes. 53, 2f).

forts. side 6

BARABBAS

En vaktmann vridde nøklen rundt i låsen til Cellen hvor jeg ventet på min dom. Jeg stod der lenket, som et dyr på båsen, og skjonte ikke hva han snakket om.

Av talestrømmen ble jeg bare svimmel. Men lenkene falt klirrende mot sten, og porten viste veien til Guds himmel hvor luften strømmet mot meg, klar og ren.

Jeg fulgte med den hemningsløse massen som strømmet mot en dyster bakketopp. Og der, på selle Hodeskalleplassen, ble to av mine venner spikret opp.

Men der hvor jeg i dommen skulle henge, befant det seg en annen i mitt sted. Jeg merket til min undring at han lenge betraktet meg i mildhet mens han led.

En gudegnist slo ned i synderhjertet og jaget all min sjælesott på dør. Jeg fulgte ham i dødens nakne smerte, og verden er en annen nå enn før.

Mitt liv er levd hos drakeren og horen i brustent håp om selv å være fritt. Nå vitner mine siste år på jorden at korset hvor han døde, det var mitt.

Og selv om ingen jordisk kløkt kan tyde befrielsen fra syndens tunge lass, så skal det gjennom evigheter lyde at Barabbas og Jesus byttet plass.

Gunnar Bonsaksen

SLERTERS GANG**Døpte****ORKDAL**

- 19.02. Marius Brevik Staveli d. i Havnstein kirke.
04.03. Johan Svanem
04.03. Kai Andre Nyhus
04.03. Even Michael Simonsen
04.03. Ronny Solbakken
04.03. Maria Gaustad Isaksen
04.03. Inger Lise Aastum
04.03. Silje Skjellfjord
18.03. Ole-Gunnar Bye Johansen
08.04. Toril Jensvold
08.04. Christian Bjørkhaug

**Vigde****ORKDAL**

- 10.02. Nils Olav Rønning og Elin Sandvik v. sorens. i Orkdal.
10.03. Terje Gjønnes og Marit Solberg

ORKANGER

- 18.02. Rolf Nyberg og Gerd Gravdal

**Døde****ORKDAL**

- 01.03. Ole Skar f. 1899
08.03. Gunhild Engen f. 1961
09.03. Jostein Øyvind Norberg f. 1908
13.03. Karl Johan Wiggen f. 1903
15.03. Valborg Krogstad f. 1901
30.03. Ida Mellingsæther f. 1896
02.04. Arne Stokkan f. 1915

ORKANGER

- 19.03. Jenny Prestmo f. 1907
15.03. Knut Adolf Rognes f. 1914
16.03. Egil Oldnes Karlsen f. 1904

ORKLAND

- 25.02. Henrik Mosbakk f. 1907
06.03. Kristen Svorkmo f. 1903
15.03. Ivar Kvikne f. 1907

søndagssamling for hele familien på Svorkmo Misjonshus. Dette blir avslutningen på ei møteveke med Bernt Sveås.

Møteveke

I tiden 24. - 29. april blir det bli møter ved Bernt Sveås. Han reiser for Indremisjonen.

Fastebøssene

Alle husstander i Orkland Menighet har fått tilsendt i posten en fastebøsse. Vi håper veldig mange vil bruke denne bøssa til å gi en gave til alle som lever i nød.

Bøssene kan leveres i butikkene i sognet fra lørdag 1. april og til over påske i spesielle kasser. Elles kan de selvsagt leveres i kirka og på prestekontoret på Svorkmo.

ORKLAND MENIGHET
Bibeltimer

Indremisjonsforeninga har i vårsemestret 3 bibeltimer med Gunnar Bonnaksen. Dei to første bibeltimene blir onsdag 4. april og søndag 2. mai. Sted blir Svorkmo misjonshus.

ORKDAL MENIGHET
Treff Megården:

Fredag 27. april kl. 19.00. Videokveld.

Fredag 13. april kl. 20.

Orkdal kyrkje – Koralkveld

Møteuke

I Megården bedehus 8. - 13. mai. Taler blir sekretær i Det Norske Lutherske Indremisjonsselskap Georg Jønsberg. Nærmere annonsering i ST.

ORKANGER MENIGHET
Hele menigheten synger

i Orkanger kirke søndag 29.4. kl. 18. Vi samles til lovsang for påskens glade budskap. Orkland mannskor blir med.

Ny aksjonsdag for menighetshuset på Orkanger

Torsdag 26. april kl. 11, åpner vi bedehuset for tombola, kakebord, salgsbord og kaffesalg til inntekt for menighetshuset.

Vi håper på stor oppslutning og en koselig dag hvor vi kan gjøre en innsats sammen for nytt hus, som vi så sørter trenger.

Vi ønsker alle velkommen til en koselig dag. Har du lyst til å gi tombolating, er vi takknemlige for det. Gevinster kan leveres hos H. Hukkelås.

DÅPEN

I den gamle kyrkja var påskedagen den store dåpsdagen. Alle som kunne vente med dåp – vart døpt i ei felles stor dåphøgtid etter høgmessa denne dag. Barn som var sjuke eller folk som skulle reisa bort kunne få dåp også elles i året, men det var unntaket.

Så kunne det kanskje høve at vi skreiv litt om dåpen – både om innhold og praksis i menighetsbladets påskenummer.

Jesus innstifta dåpen

Det gjorde han siste gongen han var ilag med læresveinane sine. Da ga han dei ordre om å døypa: Matt. 28, 18 - 20: »Eg har fått all makt i himmel og på jord. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til mine læresveinar med di de døyper dei til namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage Ånd og lærer dei å halde alt det som eg har bodi dykk. Og sjå eg er med dykk alle dagar så lenge verda står». Når vi les i Apostelgjerningane så ser vi at læresveinane gjorde det slik Jesus hadde gje ordre

MENIGHETSBLAD FOR ORKDAL PRESTEGJELD

7300 Orkanger

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunnerius Kjøren, Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad

Redaktør:

Kaare Rogstad

Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem

Postgironr.:

3 26 87 29

Takk for gaver og kontingen!

Ekspedisjon:

Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger

Sats, repro:

Fagerli Offset A.S., Svorkmo

Trykk:

Orkanger Offset A.S., Orkanger

GLEMTE ORD

I gamle dager leste man huspostiller. I dag er det neppe mange som befatter seg med det. Men tar man for seg noen av de gamle postiller, blir man fort klar over at det er sunn kost for ens sjelliv. Der finns ord som en gjerne kunne legge seg på minne – ord som etter sammenligning med nåtidens kristne sprogbruk nesten kan karakteriseres som glemte ord. Men Bibelen har dem Jeg tenker på bl.a. ord som langmodig og saktmodig. Er det rett at de blir borte i den kristne vokabular? Kanskje gjøre dem aktuelle for oss igjen. For saktmodighet og langmodighet er fremtredende trekk hos Jesus, slik vi ser ham på vei til Golgata.

Kristenlivet omfatter også dette at du stadig beflitter deg på å eie mer av hans sinnelag. Og hvordan kan du da komme forbi det saktmodige? Er ikke saktmodigheten ydmyhetens bror» »Lær av meg for jeg er saktmodig og ydmyk av hjerte», sa Jesus. Meget ville være vunnet for oss om vi lot

flere av etterkrigstidens hyppige avvendte ord som »aksjon», »bred front» o.l. dempes noe til fordel for de gamle men i sannhet bibelske uttrykk vi nå holder på å miste.

I lange tider har vi i kirken vært opptatt med lærespørsmål; om *det* kan være aldri så nødvendig, så har i alle fall pietismetiden lært oss at kristendom ikke bare er lære, men liv. *Der* skal læren stå sin prøve; og fastetiden minner oss igjen om nødvendigheten av å fordype seg i Jesu eget sinnelag og at dette skal sette spor i vårt forhold til andre mennesker. Enn om vi i fastetiden arbeidet med oss selv på dette å være langmodige, så vi mer kunne tåle motsigelse uten å bli heftige, lettere bære over med andres feil enn våre egne, og legge vinn på det milde sinn som ikke er snar til dom. For det som ligger i ordet saktmodig?

John Meyer

om. Seinare viser heile kyrkjesoga oss – fram til idag – at kyrkja har halde fram med å utføre Guds ordre.

Måten vi døyper på

Vi les innstiftelsesorda aller først. Seinare les vi også trusvedkjenninga som vi døyper barna våre på. Så blir faddrane spurta om dei vil at barnet skal døypast i »namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage Ånd og oppsedast i den kristne forsaking og tru. Så teiknast korsets teikn på barnet, og vatn blir rent over barnets hode tre gonger i den trieinige Guds namn. Tilslutt ber vi ei felles bønn og Herrens bønn.

Dei gavår dåpen gjev

I dåpen vert vi *Guds barn*. Vi får høre Guds rike til. Vi sammanlikner dette med ei pakt som inngåes. Barnet ved faddrane lover å fylgia Jesus på livsvegen. Han lover å vera omkring oss med sin nåde. Så setter han sitt merke på oss – korset. Dette kan vi best sammanlikne med eit bumerke – eit eige-domsteikn, som står og fortel kven som eig oss. Korset fortel at vi hører Jesus Kristus til. Dette korset har vi frihet til å kaste av oss i vaksen alder. Da gjeld sjølvsagt ikkje korset lenger. Jesus »prakker seg ikkje innpå nokon». Men, sålenge vi lar korset stå – har det sin gyldighet. Vi får også Den heilage Ånd i dåpen. Umiddelbart etter dåps-handlinga seier presten. »Den allmektige Gud har no gje deg sin heilage Ånd – gjort deg til sitt barn og tatt deg inn i sin truande kyrkjelyd. Han styrke deg med sin nåde til det evige liv. Fred være med deg». Den heilage Ånds gåva verkar slik som Luther så fint har samanfatta det i forklaringa til den tredje trusartikkelen: »Den heilage Ånd har kalla meg ved evangeliet, opplyst meg ved sine gaver, heilagjort og opphalde meg i den rette sams tru – liksom han kallar, samlar, opplyser og helgar heile den kristne kyrkja på jord». Det er dette åndens arbeid med oss vi avskjærer oss sjølve, om vi kastar korset av. Dette kallar Bibelen forherding.

Om vi nokon gong i livet skulle oppdaga at vi har kasta korset av oss og er komne ut av dåpens nåde – så går det å koma inn att, når vi ber Jesus om forlating.

forts. side 4

DEN FØRSTE KRISTNE PÅSKA

av Oskar Skarsaune

I våre dagar har påska blitt ein turistfest som strekkjer seg over nesten to veker. Byane er tomme, og folk dreg til fjells. Påska for dei første kristne var noko heilt anna. Ho stod i korset og oppstoda sitt teikn og vart feira i løpet av eitt døgn, fortel fakultetslektor Oskar Skarsaunet ved Menighetsfakultetet. Gjennom opplysningar frå kyrkjefedrene kan vi få eit godt bilet av korleis dei kristne feira påska si omlag år. 200 f. Kr.

Påskefeiringa byrje første kvelden før vår første påskedag. Då samla kyrkjelyden seg for å minnast Jesu lidning og død. I Lilleasia hendte dette alltid om kvelden den 14. Nisan, sltså same kvelden som jødane feira påskemåltidet sitt. Medan jødane åt, fasta dei kristne. For dei var tida for glede og fest endå ikkje komen. Heile kvelden og natta var dei saman i bøn og faste. Først ved morgongry kom det store omslaget: Herren er oppstanden!

Også i andre delar av kyrkja vart påska feira slik, men mange valte å vake og faste natta før den første sundagen etter den 14. Nisan. Det var også denne måten som til sist sigra, og som vart vanleg skikk i kyrkja.

Opphaveleg vart altså påska feira i løpet av eitt einaste døgn, frå laurdag kveld til sundag morgen. Først seinare byrja dei kristne også å feire minnet om Jesu død, på fredagen før påske-dag.

Det er lett å forestille seg at denne vakenatta som vart avløyst av jubelen og gleda påskemorgonen, må ha ha

ISRAELSMISJONSFEST
på Fannrem misjonshus søndag 8. april kl. 18.00.
Res.kap. Ole Ø. Gjerde taler.
Tema: »Jøden og Jesus».
Lysbilder fra Israel.
Bertel Aasen og ungdomskoret deltar.
Bokstand/kassettsalg.
Bevertning – kollett!

fra side 3

Faddirar

har vore nyttal ifrå kyrkja si første tid. Dei skal svara på barnets vegne og vera vitnar om at barnet er døypt. Etter lova skal det vera minst to faddirar – men det kan vera fleire. Faddirane tar på seg eit ansvar med å vera med eit barn. Dei lovar forutan å vera vitnar om at barnet er døypt, også «å be for barnet, læra det sjølv å be, hjelpa det til å bruka Guds ord og den heilage nattverd —». Om ein så lovar dette utan i det heile å meina noko med det – så vert ein ståande under eit stort ansvar. Dette må foreldra tenkja igjennom når dei vel faddirar for barnet sitt. Foreldre skal ikkje vera faddirar. Dei er jo noko meire – ved å vera foreldre. Men ein annan sak er at dei kan (og bør) fylgia barnet sitt til døypefonten. Så er det mange foreldre som ynskjer å bera barnet sitt sjølv. Det bør dei ikkje gjera.

Det er faddirane som skal svara ved døypefonten. Og det er ein gammal tradisjon i vår kyrkje at dei eldste av faddirane får vera »gudmor» og »gudfar». Når far eller mor sjølv bær – tar de ifrå faddirane denne gode tradisjonen. I dei to-tre siste åra har det også vorte særleg dei ugifte foreldrene som har insistert på å bera barnet sitt. Da er det enda mindre grunn til at dei gjer det. Dei som skal fostre eit barn i kristen tru og etikk – bør sjølv ha ordna sitt samliv etter dei kristne normer. Likevel skynar vi at unge ugifte på eit vis vil proklamera at dei står ved barnet sitt og vil ta ansvar – på den måten at dei sjølv bær barnet. Det kan både gifte og ugifte foreldre gjera ved å fylge barnet til kyrkja. Vi som skal stella med dette – må avrå alle foreldre på å sjølv bera barnet, – så sterkt vi kan.

K.R.


Helårs-trim



A. Todals
Eftf.

Tlf. 80278 - 7300 ORKANGER

BUNADSSØLV I STORT UTVALG



Gullsmed
RØHME
7300 Orkanger – Sentrum



FRÅ UNGDOM TIL UNGDOM



1. FANNREM KFUM

Vi i 1. Fannrem KFUM har drevet speiding i ca. 6 år. Det har vært fra ca.

4 - 40 medlemmer ulver, speidere og rovere. Nå er vi 9 gutter og to ledere. Det har vært så opp og ned med aktiviteten og for et par års tid siden, så det mørkt ut. Men nå har det vært stabilt og guttene møter opp trofast. Til høsten er det usikkert med ledere fordi undertegnede muligens flytter fra bygda. Så vi håper at det er noen som ser det som en oppgave å bli med, slik at driften kan fortsette. Det er dumt hvis ei gruppe som fungerer så bra og med så mye utstyr må legges ned. 1. Fannrem KFUM har utstyr for ca. 7000 kr., det er fullt leirutstyr for 14 speidere.

LITT HISTORIE

For ca. 6 år siden var det bare 4 - 5 stk som var med, men senere kom Tore Dalen og drev det i flere år. Arnold Lorentsen kom også og han hadde ulvene (7 - 11 år), da hadde gruppa sin glansperiode. Men begge måtte slutte og Terje B. Holm og Edvard Georg Hagen holdt liv i gruppa ca. ett år og Terje slutta og Heidi Løkhaug kom til og det er Heidi og jeg som driver på nå. Av de 9 guttene som er med er det 4 som har vært med i tre år, helt siden Arnold holdt på. Guttene er en sam-

menspleiset gjeng og liker å drive speiding.

HVA VI GJØR

I februar var vi på Bakksætra en weekend, gikk på ski, gravde snøhule, spørloype, leker og vi hadde scouts own (speidernes egen gudstjeneste). Det var trivelig og guttene ville nesten ikke hjem igjen. I sommer håper vi på å dra til Hitra på kretsleir, hvor alle speidere fra Trøndelag er samlet. På møtene lærer vi knuter, surringer og lærer om turliv ellers og vi har andakt på hvert møte og synger en del. Ellers prøver vi å bevege oss mest mulig utenom speiderlokalet. Lokalet er på Grøttetun (brannstasjonen), hvor vi leier kjellerrommet gratis. Vi har også vært så heldigså få ha utstyret vårt der også nå. Vi prøver også å opprettholde en hvis kontakt med foreldrene, ved foreldremøter og lappesending.

MÅLSETTING

For å bli speidere må guttene avlegge et løfte:

I tro på Guds hjelp lover jeg å tjene Gud, hjelpe andre og leve etter speiderloven.

Vi prøver å legge arbeidet på en kristen grunn og gjennom turliv og lek prøver



1. rekke fra v.: Edvard G. Hagen (Troppsassistent), Bengt Are Barstad, Vidar Holm. 2. rekke fra v.: Ole Einar Nesheim, Alf Børge Mellingsæter, Heidi Løkhaug (gruppeleder), Morten Sluphaug, Frank Aas, Erik Sundli, Stig Solem. (Ikke til stede: Dag Rune Viggen).

vi også å få et bra fellesskap slik at guttene trives, og så andre kan få lyst til å bli med.

FRAMTIDA

Som sagt er ledersituasjonen usikker til høsten, derfor torde vi heller ikke å ta inn ulvunger i høsten som var. Men vi håper at nye ledere kommer til slik at gruppa kan fortsette, likeens håper vi at flere gutter kommer til slik at det kan bli en ny rekord når det gjelder medlemstall.

Så håper vi at dere tar med 1. Fannrem KFUM i de daglige bønner, fordi speiderarbeidet er et viktig arbeide. Kanskje det eneste kristne arbeidet som når gutter i aldersgruppa 7 - 16 år.

Edvard Georg Hagen

Underskrevne vil sterkt understreke d det Edvard Georg Hagen appellerer om. 1. Fannrem KFUM er menighetens speidergruppe. Det må finnes noen som ser det som sin oppgave å være leder for disse guttene.

Kaare Rogstad

Øyvind:

Der framme fikk han knele ned ved siden av tante og alle spiste det de fikk av presten men han var fire år bare og måtte spise med øynene bare så du det tante hvisket han da presten gikk videre at først var det to fjes oppi det

fine krus men da Jesu blod kom oppi ble vi helt borte begge to så Jesus husket sikkert på meg også ikke sant tante

fra side 1

Romarsoldatane sytte også for at profeten i Salme 22, 19 var oppfylt: »DEI SKIFTA KLEDA SINE MELLOM SEG OG KASTAR LODD OM KAPPA MI». Jesus laut på dette vis gå sin veg til endes – åleine. Også dette hørde frelsesverket til.

»Sann Gud – og sant menneskje« lærer trusvedkjennings oss. »Han la av det himmelske og kledte på seg det jordiske for å vera prøvd i likskap med oss» fortel hebrearbrevet. Ja det er nettopp her det ligg. Jesus laut friviljig velgja å gå vegen over Kedron – gjennom via dolorosa – bere sin kross og vertha spikra opp på Golgatahaugen. Han skulle kjenna seg einsam att – sviken av dei mange som hadde ropa HOSIANKA – DU DAVIDS SON: Berre ved å gå denne vegen som sant menneskje til å kjenne smerte – fortviling og forakt kunne han vera VÅR FRELSAR.

Framfor krossen sa dei mange seg løyst ifrå han dei hadde trudd på og fylgd. Framfor krossen er det slik idag at mange seier seg løyst ifrå han. Men han seier seg ikkje laus frå nokon av oss. Tvert om så visste han at no var kampen om mennesket vunne: DET ER FULLBRAGT, var orda hans. Tre ord som gjeld alle som treng hjelp til frelse og som fortel han det. Slik blir krossen dei kristnes merke. Vi set det på barn og vaksne som tar dåp. Vi set det på gravminnene våre, ikkje som eit sørgeteikn – men som eit seiers-teikn. Samstundes er også blitt eit eideomsteikn. – eit bumerke som fortel at vi hører Frelsaren til. Han er blitt HERREN OVER DØDENS MAKAT.

GEITASTRAND MENIGHET

Barnetreff Kjøra:
Onsdag 25. april kl. 16.30.

Barnetreff Ofstad:
Fredag 27. april.

Menighetens årsfest
søndag 29. april umiddelbart etter
gudstjenesten. Reflex deltar.

SONGEN SOM KNUT LJØKELSOY ETTERLYSTE:

Frå greini tek di harpe ned –.

*Frå greini tek di harpe ned
og syng om han som hjarta gled,
om han som sona syndi di
og gjorde deg i sanning fri.*

*Frå greini tek di harpe ned
og syng om all den sære fred
som fløder ut frå Jesu sår
som elvi djup og still og klår.*

*Frå greini tek di harpe ned
og syng om herleg dømen ved
å vera barn til himlens Gud
og Jesu Kristi dyre brud.*

*Og syng om du har sorg i sinn,
og tårer renn nedover kinn.
På songveng lyft deg fri og glad
frå strid og sorg til sigerskvad.*

*So syng til Herren lov og pris,
og æra han på kristen vis.
Lat songen tona varm og klår
frå ungdoms tid til alders år.*

*So her på jord du syngja skal
til du i høge himmelhall
imellom englar glad får stå –.
– Til himmelharper syng du då.*

Til nynorsk av lærar Einar Berg
før 1930.
Ukjent diktar.

PRESTEKONTORET ER ÅPENT
tirsdag - fredag 10 - 14.

Kateketen treffes:
onsdag 12 - 15
fredag 12 - 14.

*Skotøy
for hele familien*

Ingv. Solbu Eftf.
Orkedalsveien 71
7300 ORKANGER

DU FINNER KJOLER, SKJØRT, SPENCERSKJØRT OG BLUSER I GODT UTVALG HOS

DAGNY KORSLI A/S

Bårdshaug - Tlf. 80395

Alt i Maling — Gulvbelegg Gardiner

Fannrem Farvehandel 7320 Fannrem tlf. 82 332

Trelast og bygnings- artikler på lager. Gunstige priser

Orkdal Sag & Høvleri

Tlf. 82265

BØKER - LEKETØY PAPIR - DAMEVESKER

NIK. KONSTAD'S BOKHANDEL 7300 ORKANGER

*Bestill time
for fotografering*

Fotograf

J. SØDAHL

Tlf. 80259 - 7300 Orkanger

SMÅTT OM MANGT

Knut Ljøkelsøy

etterlyste i marsnummeret ein song han hørde av mor si då han var småguten. To stykker har sendt songen til red. Det er Signora Vatslag og Solveig Aune Bjerkset. Det to personane er både like og ulike. Ingen av innsendarane visste kven som har skreve songen – mens S.A.B. kunne fortelja at lærar Einar Berg hadde omset den til nynorsk eingong før 1930. Vi takkar begge innsendarane for hjelpa.

Knut Ljøkelsøy har alltid noko på hjarte

Alltid brenn han av iver for at Guds rike skal nå ut til flest mogleg. Alltid kjem han med ros eller ris – slik det høver. Riset-kritikken er alltid positiv og vi er takksame. Denne gongen skriv han om høgtalaranlegget i Moe kyrkje.

Tur - Tankar

Langt inn i fjell og hei der lia ligg så langt av lei frå bygda bli og brei, eg finn min villmannsvei. Ja opp og fram og inn i skog og fjell eg stien finn med glede gla i sinn.

Og når eg så vert lat eg opnar sekk og finn meg mat forutan duk og fat. Gjer med meg sjølv ein prat. Eg kvilar så eit bel, og kjänner meg så signa vel, kan trivast glugg i hel.

Ein haustdag kald og klår, ein sumardag - ein dag om vår, det heile norske år eg lengt til fjellet får. For fjellet det er mitt. Der kan eg anda fullt og fritt og tungtankar bli kvitt.

Når eg frå fjell til fjar' for auge femner odelsjor', og fylgjer fedres spor, eg veit at Gud er stor. Eg veit at GUD er go! Var manneatt av same to, vår ver', var fred og ro.

Kan det vera mogleg idag, i denne teknikkens tidsalder, at halvparten av ei stuvande full Moes kyrkje skal høyre noko av det som vert sagt av prest og andre frå Koret.

Dette var tilfellet idag ved gravferda til Kristen Sworkmo, der mange var møtt fram for å følge han til den siste kvilestaden.

Det er vanleg bruksmåte at dei som ikkje høyrer slekta til, set seg attom »Korsen».

Me som sat her vart mest utanom det som vart sagt opp i »Koret». Eg for min del tok avskil med min gode ven Kristen, inni meg sjølv, og mange var nok det.

Eg tala med mange etterpå som hadde vore ute for det same, ingen ting å høre, utanom songen da, og musikken –.

Det må vera noko gale med høgtalaranlegget når noko slikt kan hende? Er dette tilfellet, så skaff eit skikkeleg anlegg, me er slett ikkje nøgd med dette, me som brukar å gå til kyrkja.

Under dei vanlege gudstenestene brukar som regel eg og sette meg langt fram, men er det så därleg å høre attom »Korsen» vanlegvis, går ikkje dette ann.

Det må prøvast ut føreår, om høgtalaranlegget verkar, og kor høgt det skal settast på.

Årsmøte

I Orkladal Fellesforening for Det Norske Misjonsselskap blev holdt i Stokkhaugen bedehus søndag 18. mars. Som talere deltok bestyrer Jostein Landrø og Ottar Hyldmo. Einar Kristiansen sang.

Årsmelding og regnskap blev opplest og godkjent. Regnskapet viste at det i 1983 var sendt til Det Norske Misjonsselskap for foreningene tilsluttet Orkdal Fellesforening kr. 137.927,-.

Valget: Det sittende styret ser slik ut: Målfrid Kvirkne, Tore Aasen, Inger Lill Gjønnes, Bjarne Hagen, Einar Stokkan, Einar Kristiansen, Egil Slørdal, ny, Agnes Singstad, ny.

Varamenn: Margrethe Solem, Egil Singstad, Ingvild Buhaug, Styrkar Grønning.

ORKANGER PARFYMERI A/S

Orkanger

Tlf. 074 / 80244

OPPFOTOGRAFERING
AV GAMLE BILDER
Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

FOTOGRAF

KVARSNES

Plater og musikk-kassettar
Stort utvalg i gitarrer

Tlf. 80356 - 7300 Orkanger

Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10
Innh.: Oddny Blomli
Tlf. 80348

Alle sorter blomster til alle slag
anledninger. Kistepynt utføres.

Orkla Samvirkelag

13 S-butikker
1 Domus-varehus
BYGGESENTER
ELEKTRISK INSTALLASJON
RØR - SANITÆRAVD.
SYSTEMHUSAVID.
NOROL - SENTER
BILVERKSTED
VERKSTED RADIO/TV
VERKSTED KJØL/FRYS
FA MEDBESTEMMELSE
— BLI MEDLEM I
S-LAGET

S-LAGET

VELKOMEN TIL KYRKJA

15. april, Palmesøndag

Orkdal kl. 11. Høgmesse ved prost Rogstad. Offer til Kirkens Nødhjelp. Barneparkering.

Geitastrand kl. 11: Høgmesse ved res. kap. Aasen. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp. Buss fra Husdalen.

Orkanger aldersheim kl. 11: Guds-tenestelig møte v/kallskap. Slettahjell. Nattverd.

Søvasskjølen Fjellkyrkje kl. 12. Sports-andakt ved Fridtjof Fredriksen.

Orkdal aldersheim kl. 16. Gudstj. møte ved prost Rogstad. Nattverd.

19. april, Skjærtorsdag

Orkanger kl. 11: Høgmesse ved kalls-kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Moe kl. 11: Høgmesse ved res.kap. Aasen. Nattverd. Offer til Misjons-sambandet.

Stokkhaugen bedehus kl. 11: Gudstj. møte ved prost Rogstad.

Søvasskjølen Fjellkyrkje kl. 12. Høg-messe ved høgskolelektor Rian. Natt-verd. Offer til kyrkja.

20. april, Langfredag

Søvasskjølen Fjellkyrkje kl. 12. Høg-messe ved res.kap. Aasen. Offer til kyrkja.

Orkdal kl. 20. Kveldsmesse ved prost Rogstad.

Moe kl. 20: Kveldsmesse ved kallskap. Slettahjell.

22. april, Påskedag

Orkdal kl. 11: Høgtidsgudsteneste ved prost Rogstad. Offer til Indremisjonen. Barneparkering.

Orkanger kl. 11. Høgtidsgudsteneste v/ res.kap. Aasen. Offer til Trøndelag Indremisjonskrets.

Moe kl. 11: Høgtidsgudsteneste ved kallskap. Slettahjell. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Søvasskjølen Fjellkyrkje kl. 12. Høg-tidsgudsteneste ved høgskolelektor Rian. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Geitastrand kl. 15. Høgtidsgudsteneste ved prost Rogstad. Offer til Santalmisjonen. Buss fra Råbygda.

23. april, 2. Påskedag

Søvasskjølen Fjellkyrkje kl. 12: Sports-andakt ved høgskolelektor Rian.

29. april, 1. s. e. Påske

Geitastrand kl. 11: Høgmesse ved kalls-kap. Slettahjell.

Hoston Grendastuggu kl. 11: Gudstj. møte ved sokneprest Olsen.

1. mai, Arbeidets dag

Orkdal kl. 11. Familiegudsteneste kl. 11 ved res.kap. Aasen. Offer til Kristne arb. forbund.

2. mai

Orkdal kyrkje kl. 19: Samtaleguds-teneste ved kateket Solheim og res. kap. Aasen.

HELGAVAKT

- 19. - 20. april: Slettahjell
- 21. - 22. april: Aasen
- 23. april: Rogstad
- 1. mai: Aasen

Korleis troppa gjekk

Ein eldre pensjonist var innkalla som vitne i ein rettsak. Både aktor og forsvarar spurde han ut og inn om kva han hadde bivåna. Tilslutt vart mannen heilt forvirra og da for-svararen tilslutt spurde han om kor-leis troppa mellom første og andre etasje gjekk var forvirringa total. Etter å ha tenkt seg om eit aug-ne-blink spurde han forsiktig: »Kva var det De spurde om no?». »Det ble spurd om korleis troppa går opp til

loftet i dette huset», sa domaren utolmodsam. »Troppa? Ja, troppa. Ho går slik ho domar at når ein er nede - går ho oppover og når ein er oppe går ho nedover». Alle lo og domaren spurde ikkje meir.

GÅVER TIL ORKDAL MENIGHETSBLEND

1/1 - 31/3 1983: Kr. 5570,-, delt på 135 innbetalingar
1/1 - 31/3 1984: Kr. 7025,-, delt på 150 innbetalingar

Takk for gåvene!

Orkdal Menighetsblad har postgirokonto nr. 3 26 87 29 og postadressa er 7320 Fannrem.

**Alt på én
Uni-Polise**

**Norges
Brannkasse**
Forsikrer alt du setter pris på.
Brann takstbestyrer
Olav Ree, 7300 Orkanger
tlf. 80800 - 80878